

Referat

## Møte i Kraftutvalet 10.11.2010

Stad: Store Nup, Vinje kommune

Frammøtte: Olav Bjørn Bakken, Therese Hauger, Arne Vinje, Kjetil Fulsås, Olav Urbø, Tor Strømme, Hans Kristian Lehmann. Marilyn Marskar frå Statkraft var invitert til møtet. Helge Kiland møtte som sekretær for utvalet.

Det var ingen merknader til innkallinga.

### Sak 13/2010 Presentasjon av revisjonsdokumentet

Marilyn Marskar gjekk igjennom dei viktigaste delane av det 189 sider lange dokumentet, idet ho presiserte at det var eit utkast. Derfor var det heller ikkje laga ferdige papirversjonar til alle. Inntil det ligg føre som eit høyringsdokument må derfor dei som skal lese det nøye seg med å laste det opp frå nettet (på [www.fnat.no](http://www.fnat.no)). Det er eit ønske at alle i Kraftutvalet får høyringsversjonen i papirformat. Reguleringskonsesjonane (frå 1957 til 2004) vil bli samla til ein konsesjon og lagt ut på nettet. Statkraft har planar om å lage ein stuttversjon av revisjonsdokumentet i form av ei brosjyre.

Normalt ville Aura ha vore ein prøvestein for denne type revisjonar, men her ser innstillinga frå NVE ut til å la vente på seg. I revisjonsdokumentet er det ein del prinsipielle spørsmål som krev tid. NVE skal mellom anna ta stilling til kva som er allmennrettslege eller private krav og om det hydrologiske grunnlagsmaterialet er tilfredsstillande. Det stiller krav til NVE, særleg fordi dette kan lage viktig presedens for andre revisjonssaker.

Marskar refererte frå NVE sine nye retningslinjer for vilkårsrevisjonar (versjon 28.8.2010). Nye standardvilkår skal inn i konsesjonen, men det skjer fyrst etter Kgl. Res. Om tilhøvet til Vassdirektivet heiter det at NVE kan fatte vedtak som ikkje er i samsvar med forvaltningsplanen. Økonomiske vilkår er lite kommentert i revisjonsdokumentet. Statkraft meiner det er noko som må vurderast av OED.

Det er nå opp til NVE å bestemme framdrifta i revisjonssaka. I retningslinjene står det at ”konsesjonæren oppsummerer de endringer av vilkårene som er aktuelle og presiserer hvilke avbøtende tiltak som er aktuelle å gjennomføre”. Statkraft blir med andre ord beden om å sei kva dei kan gå med på.

Det er få opprusting- og utvidingstiltak som det kan vera økonomisk og realistisk å gjennomføre. Vesle Kjela og bekkeinntak til Tokkeåi blei nemnt.

Vassføring. Kva er naturleg vassføring? Få målingar tidlegare, men det finst data frå eit par vassmerke som nå er nedlagt. Vassføringa kan bereknast. Statkraft meiner ein må ta utgangspunkt i kva som må til for å imøtekome krav. Alle målestasjonar er lagt inn på kartvedlegg. Er målestasjonen i Smørkleppåi i drift?

Det blei reist spørsmål om kvifor slukeevna i Vinje kraftverk og i Tokke kraftverk ikkje står betre til kvarandre. Utvida tunnel mellom Totak og Vårarvatn blir av Statkraft vurdert som tiltak som ligg utanfor det som kan påleggast gjennom revisjonen.

Statkraft erkjenner at kjøremønsteret for kraftverka har endra seg. Meir energi frå vindkraft og småkraft aukar behovet for bruk av reguleringsmagasina. Sommaren 2006 blei Songa tappa ned på grunn av høge kraftprisar i Europa. Samfunnsnytte er i følge Statkraft kjøring av kraftverka når det er behov for straum. Statkraft avviser at "bruk av Norge som Europas batteri" er noko aktuell problemstilling for Tokke-Vinjevassdraget.

Tabell 6.1 viser at differensen mellom årleg simulert produksjon og gjennomsnittleg produksjon dei siste 15 åra er på nær 200 GWh. Denne differensen er ikkje med i grunnlaget for konsesjonsavgift mm. Kor mykje som skuldast auka tilsig, betre målingar og produksjonsstyring og opprustingstiltak i kraftverka er uvisst.

Statkraft har utført og planlagt fleire undersøkingar og utgreiingar i vassdraget. Fiskerapportar frå Førsvatn, Grungevatn og Tveitevatn er undervegs. NINA er i gang med undersøkingar i Tokkeåi, fram til 2014. Fiskeundersøkingane i Bandak skal utførast i 2011. Marskar var usikker på om heile Bandak, eventuelt også Vestvatna skal vera med. Statkraft avviser krav om undersøkingar i vatn der det ikkje blir selt fiskekort, men er innstilt på å dekke sin del av overvåkingsprogrammet der det er problemstillingar som kan knytast til reguleringa.

Statkraft meiner dei kulturminneregistreringane som er gjort er tilstrekkelege. Dersom dei blir pålagt å betale til eit kulturminneregistreringsfond, meiner dei at det som blir betalt herifrå må nyttast til vidare undersøkingar i Tokke-Vinjevassdraget.

Ørekyte har spreidd seg til småtjønner ved hjelp av hevinga av vasstanden i Våmarvatn. Har ikkje Statkraft da også eit ansvar for spreieing av ørekyt?

Kraftutvalet stilte seg undrande til at Statkraft har definert alle frilufsrelaterte krav som privatrettslege. Krava har vore gjennom ei streng siling i kommunane før dei blei presentert for Statkraft, og kommunane meiner derfor å bare ha stilt krav som gjeld ålmenne interesser. Marskar sa at Statkraft kan gå i ein dialog med kommunane om tiltak som ikkje blir nedfelt i revisjonen. Ho viste elles til standardvilkåra, og at omsynet til frilufsliv/reiseliv blei varetakne i skjønnet. Olav Urbø meinte det var viktig å få Statkraft si grunngjeving for at dette er privatrettslege krav, og visa til utviklinga av turisme og reiseliv som knapt var påbegynt da dei fyrste konsesjonane blei gjevne.

I revisjonsdokumentet blir det vist til "harde" og "mjuke" restriksjonar. Mjuke restriksjonar er krav om disponering av tilsig etter ein viss dato, medan harde er krav om fylling til eit bestemt mål innan ein viss dato. Statkraft ønskjer døgnverdiar i staden for timeverdiar som grunnlag for minstevassføringa i Kjela. Timeverdiar aukar risikoen for konsesjonsbrot, og Statkraft må derfor sikre seg at det er nok vatn. Timeverdiar gjev derfor sannsynlegvis større vassføring enn døgnverdiar, sjølv om minstevassføringa er den same.

Statkraft er innstilt på å vidareføre dei fyllingskrava som gjeld i dag for Byrtevatn og Totak. Men dei ønskjer å avgrense kravet i tid fram til 15. august. Det er visst også slik det har blitt praktisert fram til nå. For friviljuge restriksjonar ønskjer Statkraft ei prøvetid på 5 år før dei eventuelt blir formaliserte. Der det er tale om fleire krav må ein vurdere kva ein vil prioritere. Krav til minstevassføring i Tokkeåi og Mosåi kan gjera det aktuelt å vurdere kravet i Byrtevatn på nytt. Tokkeåi bør ha fyrste prioritet.

I enkelte tilfelle meiner Statkraft det kan vera rimelegare å nytte friviljuge avtalar framfor pålegg. Krav om minstevassføring gjer det også nødvendig å etablere kontrollfunksjonar med dei ekstra kostnadene dette inneber.

Pålegg om minstevassføring i Tokkeåi ovanfor Lio er kostbart. Slepp på 1 m<sup>3</sup>/s frå Vinjevatn vil koste 24 000 kroner i døgnet. Likevel vil krava våre samla bare legge beslag på 2,4 % av produksjonen, medan den auken som er observert i høve til simulert produksjon/konsesjonsgrunnlag er på nær 5 %. Stopp på Lio kraftverk er ei spesiell utfordring. Kvar skal vatnet da sleppast frå? I haust blei det slept vatn frå Botndalen. Elles vil det ta lang tid før vatnet når nedre del av Tokkeåi dersom vatnet skal kome heilt ovanfor Vinjevatn.

Statkraft ønskjer å vite meir om kva krav artane i bekkekløfta har med omsyn til vassføring. Sigve Reiso meiner ettersomaren er mest kritisk.

Statkraft er innstilt på ei viss minstevassføring i nedre del av Bora, frå Venemo. Det er vatn som dei vil omdisponere frå Hyljelid. Dei er også innstilt på spyleflaumar i Tveitevatn/Grungevatn når den naturlege vassføringa elles er stor.

Statkraft har simulert produksjonstap under dei krava som er stilt. I enkelte tilfelle vil restriksjonar på tapping gje produksjonsgevinst men økonomisk tap. Eks Songa fylling til kote 964 som vil gje 3 GWh ekstra men 27 mill i tap. Det som vil telje absolutt mest både økonomisk og produksjonsmessig er pålegg om slepp av minstevassføring i heile Tokkeåi. Det blei elles understreka at det for regulanten er viktig å halde på fleksibiliteten i magasina.

Kravet om økonomiske vilkår blir avvist av Statkraft. Kommunane meiner Statkraft tolkar revisjonsinstituttet feil. Det same gjeld spørsmålet om dekning av utgifter til konsulenthjelp. Juridisk hjelp gjeld i revisjonssaka i stor grad offentleg rett, ikkje bare privatrettslege tilhøve. Statkraft avventar her resultatet av GLB sin anke av avgjerda til NVE i Vinstrasaka.

#### **Sak 14/2010 Vidare oppfølging av revisjonssaka**

Ein var noko usikre på korleis NVE vil stille seg til innspel på dette stadiet i prosessen, men sidan også Statkraft har kontakt med NVE undervegs meinte utvalet at mellom anna eit innspel om friluftsliv som allmenn interesse for revisjonen kan vera på sin plass. Utvalet lagar ein merknad på nokre viktige punkt der ein er usamd med revisjonsdokumentet.

Sekretæren får i oppgåve å drøfte med Einar Østvold i Hydrologiservice korleis me bør bruke han i det vidare arbeidet med revisjonssaka. Sekretæren tek også kontakt med LVK og held dei informert om revisjonsdokumentet.

#### **Sak 15/2010 Vidare engasjement av Faun til oppfølging av Forvaltningsplanen**

Det var lagt opp til at dei enkelte kommunale sektorane nå må ta ansvaret for sine område. Det kan likevel vera oppgåver som ein ikkje har ressursar til å løyse med den bemanninga ein nå har. Det gjeld mellom anna overvåkingsprogram og endeleg karakterisering og klassifisering av vassførekomstar. Det blei ikkje gjort noko vedtak på møtet. I staden blei Olav Bjørn Bakken og Helge Kiland bedne om å lage eit notat om vidare behov og arbeidsoppgåver.

**Sak 16/2010 Maksimalgrense på grunnlaget for eigedomsskatt på kraftverk**

Arne Vinje refererte til møte i LVK. LVK har arbeidd for å fjerna maksimalgrensa. Ingen andre har hatt slik skatterabatt, som synes heilt urimeleg når ein ser på den kraftige inntektsveksten for kraftleverandørane dei siste åra. Fjerning av taket vil gje store forskuvingar kommunane imellom, og føre til at utkantkommunane får større del av verdiskapinga. I dag skjer mykje av skattlegginga i dei kommunane der selskapet er registrert og har sitt hovudkontor. Tradisjonelle politiske motsetnader og motstand mot at små kommunar får det som blir sett på som urimeleg gode inntekter hindrar gjennomføring av normale rettferdsprinsipp.

LVK meiner kommunane bør signalisere vilje til å dele med seg. Det synes vera ein føresetnad for å få skattlegginga endra. Her er det fleire modellar, og det er sett ned eit utval av kommunar som skal sjå nærare på dette.



Helge Kiland